

Norges vassdrags- og energidirektorat
Seksjon for vannkraftkonsesjoner
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Dam Kvanndalsfoss, Suldal kommune, Rogaland – senking av magasin under LRV hausten 2026

Søknad om mellombels senking av magasin – Kvanndalsfoss, Suldal kommune

Vi syner til vårt brev av 02.07.2025, der vi informerte om justering av tidspunkt for senking av magasinet ved Kvanndalsfoss i Suldal kommune, ref. LXJCVS. Vi syner òg til tidlegare godkjend *Detaljplan for miljø og landskap*, dykkar referanse 202407977-4, som etter vår vurdering framleis er gjeldande og legg dei nødvendige rammene for gjennomføring av tiltaket.

Bakgrunn for søknaden

Hausten 2025 vart det installert ei ny luke ved anlegget. Under den påfølgjande testfasen syntet det seg at luka ikkje let seg løfte til øvste stilling. Undersøkingar har avdekt at årsaka er underdimensjonerte opptrekkskrefter. For å sikre forsvarleg og driftstrygg funksjon må vi no få tak i ein ny sylindar og gjennomføre naudsynte modifikasjonar av sjølve luke- og opptrekks konstruksjonen.

For å kunne utføre dette arbeidet er det naudsynt å reetablere fangdammen. Dette inneber at magasinet må senkast under LRV, på same måte som ved førre gjennomføring av tilsvarande arbeid.

Planlagt gjennomføring og rammevilkår

Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden frå veke 35 til og med veke 44 i 2026. Vi tek atterhald om hydrologiske forhold, særleg knytt til periodar med store nedbørsmengder og eventuell flaum i vassdraget, som kan påverke både framdrift og sikkerheit.

Gjennomføringa vil skje i tråd med gjeldande krav til tryggleik, miljø og HMS. Det vil bli etablert naudsynte sikringstiltak, og det vil bli gjort løpande vurderingar av miljøomsyn for å redusere påverknad på vassdrag og nærliggande naturverdiar. Tiltaket vil bli gjennomført innanfor dei rammene som tidlegare er godkjende, og med same metodikk som ved førre gjennomføring.

Førespurnad om handsaming

Vi ber om rask handsaming av søknaden slik at planlegging og gjennomføring kan skje innanfor dei oppgitte tidsrammene. Ei avklaring i god tid er avgjerande for å sikre koordinering av entreprenørressursar, logistikk og nødvendige førebuingar.

Vår dato: 2026-04-27
Vår ref.: Johnny Bruheim

Vi står gjerne til disposisjon dersom det er behov for ytterlegare dokumentasjon eller nærare avklaringar.

Med helsing for
Hydro Energi AS


Signed by:



07B6F047862941E...

Agnes Oppistov Lykkebo
Kraftverkssjef
Hydro Energi Røldal-Suldal
epost: agnes.oppistov.lykkebo@hydro.com
tlf: +47 90751540

DocuSigned by:



51B3C20C66C3403...

Johnny Bruheim
Vassdragsteknisk ansvarleg
Hydro Energi Røldal-Suldal
epost: johnny.bruheim@hydro.com
tlf: +47 91782684

Vedlegg: Dokument ALTINN NVE-0052